

Luftfartstilsynet
pb. 243

8001 BODØ

Arkivsakid-doknr:	18/864-48	Saksh:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	19/1410	Telefon	53 67 3652	K1-653		26.02.2019

Melding om vedtak - søknad om konsesjon for landingsplass på sjø i Eid fjord

Eid fjord kommunestyre - 19/003:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eid fjord kommune rår ifrå at Scandinavian Skies AS får konsesjon for å driva og innehå landingsplass for sjøfly i Eid fjord.

Dette vert grunngjeve med;

- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført støykartlegging og informert om utslepp til luft og vatn i konsesjonssøknaden.
- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført ROS-analyse for aktiviteten.

Med venleg helsing
Eid fjord kommune

Gunnar Elnan
Leiar areal- og miljø

Kopi til arkiv og kopibok



Eid fjord - unik frå fjell til fjord



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1-653
Arkivsak ID: 18/864 - 39
Journalpost ID: 2019000970
Saksh.: Elnan, Gunnar
Dato: 06.02.2019

Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eid fjord formannskap	18.02.2019	19/018
Eid fjord kommunestyre	25.02.2019	19/003

Uttale til søknad om konsesjon for landingsplass på sjø i Eid fjord

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eid fjord kommune rår ifrå at Scandinavian Skies AS får konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eid fjord.

Dette vert grunngjeve med;

- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført støykartlegging og informert om utslepp til luft og vatn i konsesjonssøknaden.
- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført ROS-analyse for aktiviteten.

18.02.2019 - Eid fjord formannskap

Anne Lise Bleie stilte spørsmål om sin gildskap.

Anne Lise Bleie vart fremja gild.

Framlegg frå Aslak Lægreid (H)

Eid fjord kommune rår til at Scandinavian Skies AS får konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eid fjord.

Røysting:

Framlegg frå Aslak Lægreid fekk 2 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og vart tilrådd.

FSK - 19/018 - Vedtak:

Eid fjord kommune rår ifrå at Scandinavian Skies AS får konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eid fjord.

Dette vert grunngjeve med;

- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført støykartlegging og informert om utslepp til luft og vatn i konsesjonssøknaden.
- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført ROS-analyse for aktiviteten.

25.02.2019 - Eidfjord kommunestyre

Ugild	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Lægreid, Aslak	Eknes, Rine	

Anved Johan Tveit (SP) ynskte å avklara gildskap til Aslak Lægreid (H).

Røysting gildskap:
Aslak Lægreid vart samrøystes røysta ugild.

Røysting sak:
Samrøystes vedteke.

KST - 19/003 - Vedtak:

Eidfjord kommune rår ifrå at Scandinavian Skies AS får konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord.

Dette vert grunngjeve med;

- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført støykartlegging og informert om utslepp til luft og vatn i konsesjonssøknaden.
- Scandinavian Skies AS har ikkje gjennomført ROS-analyse for aktiviteten.

Vedlagt: Alle innspel er tilgjengelege elektronisk, men vert ikkje kopiert som papirkopi

Desse har uttalt seg i saka: Saka har vore gjort kjent gjennom heimesida til kommune.

Særutskrift skal sendast til: Luftfartstilsynet

Endeleg avgjerd i: kommunestyret

Saka gjeld:


Luftfartstilsynet har sendt på høyring søknad frå Scandinavian Skies AS (org 816 761 352) om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord.

Scandinavian Skies AS hadde rundflygingar i 2018, men da i ei mengd som ikkje medførte krav om konsesjon. Det går fram av søknaden at selskapet vil ha hovudbasen sin i Bergen, men at dei vil stasjonera eitt fly i Aurland og eitt i Eidfjord. Eidfjord vil vera sekundærbase for selskapet. Selskapet skriv at dei vil tilby rundflyging med turistar, samt taxi og charterflyging. Sesongen vil vara frå byrjinga av april til ut oktober. Rundflyging vil stort sett skje i samband med at cruisebåtar ligg til kai. Sjøflyet vil kunna ta imot passasjerar frå Tenderkaien, eller frå Menes. Flyet vil kunna bli parkert ved flytebrygge på Menes eller ved Simadalsvegen 31A.

Det er søkt om løyve for opp til 70 flyrørsler per veke (ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing). Flyging skal kunna skje mellom kl. 0800 og kl. 2200 på kvardagar, og mellom kl. 1000 og kl. 2030 på helge- og heilagdagar. Standard konsesjonslengd er 10 år.

Selskapet skriv ikkje i konsesjonssøknaden om kva område flyging skal føregå i utover at det i skildring av inn- og utflyging er nemnt utflyging austover Osafjorden og innflyging frå aust over Simadalen. I e-post, datert 31.01, skriv selskapet; *De fleste turene går via Osafjorden – Langavatnet – Simadalen eller Sørkjorden til Folgefonna – Trolltunga.*

Inn- og utflygingstraseane går i detalj fram av kart under;



Inn- og utflyging frå aust og vest (vedlegg til søknad).

Selskapet meiner ein konsesjon vil gje betre kontroll med den totale flyaktiviteten, sidan andre må henta inn løyve frå konsesjonshavar for bruk av landingsplassen.

Selskapet meiner konsesjonen vil gje betre grunnlag for investeringar og arbeidsplassar innan turistnæringa

Flyselskapet ynskjer ikkje utføra støymålingar, og meiner det er akseptabelt å tillata konsesjon utan at det er gjort grundige støymålingar.

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vid vurdering av konsekvensane av etablering av landingsplass opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b;

«Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Luftfartstilsynet bed spesielt vurdert;

- Forholdet til kommunal arealplan
- Forholdet til naturmangfaldlova
- Støy
- Konsesjonsvilkår
- Teknisk/operativ godkjenning

Innspel til saka:

Det vert for omfattande å gå inn på kvart enkelt innspel til saka. Vel å skilje mellom innspel frå bebuarar i nærliek av Eidfjorden og elles i kommunen. Dette vert gjort for å skilje mellom dei som opplev landing og letting samt overflyging, og dei som opplev overflyging.

17 innspel frå grunneigarar og hytteigarar, samt 7 hyttevel i Sysendalen er samstemt imot at det vert gitt konsesjon for sjøfly. Det vert spesielt peikt på støy og uroing som negative faktorar. Erfaringar frå 2018 er og at det er opplevd lågtflyging over fjella kring Vøringsfossen.

Det vert og peikt på at kommunen marknadsfører seg med «stillheit og ro» og «urørt natur», og meiner denne form for turisme ikkje er foreinleg med denne profilen.

Det er og peikt på den forureining sjøfly representerer.

9 fastbuande og 1 med barndomsheim på Lægreid meiner kommunen bør rå ifrå at det vert gitt konsesjon. Det vert peikt på erfaringane frå 2017 og 2018 med lågtflyging over Lægreid og støy.


Risiko aktiviteten kan representera er ikkje vurdert. Overflyging, terror og kollisjon på sjø, er nemnd som sentrale moment.

Styret i Eidfjord Næringslag, fleire næringsdrivande, Destinasjon Eidfjord og privatperson (tilsaman 7 innspel), meiner sjøflykonsesjon er positivt for næringslivet. Det vert peikt på at sjølve flygingen vert oppgitt til over 1000 fot. Eidfjord som sjøflyhamn kan trekkja gjester og bidra til næringslivet i bygda. Næringslaget ser behovet for regulering av ferdsla i hamna. Ein flytur vil av besøkjande opplevast som spesielt i Hardangerregionen.

Utgreiing:

Tek utgangspunkt i dei punkt Luftfartstilsynet ynskjer tilbakemelding til med grunnlag i innspel og lokal kunnskap.

- Forholdet til kommunal arealplan



Kartutsnittet viser planføremål i fjorden utanfor Eidfjord sentrum saman med område for landing og letting.

Nærare til arealføremåla i gjeldande plan. Det er kommuneplan som regulerer dei sentrale delane av fjorden og overordna utvikling i kommunen. Langs land er områdeplan for Menes-Vik-Lægreid gjeldande arealplan.

Føremål i arealdelen til kommuneplanen;

- Vassareal for ålmenn fleir bruk.
Omfattar fjorden utanom andre planføremål. Føremålet er eit samleføremål for bruk og ferdsle, fiske, natur og friluftsområde.
- Ankring
Omfattar område for ankring, og er primært i bruk for cruisebåtar. Arealet er i bruk når det er 2 eller fleire cruisebåtar i Eidfjord samstundes. Det brukast

tenderbåtar (mindre båtar for frakt av passasjerar mellom cruisebåten og kai).

Samfunnssdelen til kommuneplanen;
Tettstaden Eidfjord

Mål:

Me skal

- ha eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar
- skapa eit triveleg, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplass med rom for aktivitetar knytt mot barn og unge
- ha fokus på eit godt omdøme
- gode løysingar for parkering i sentrum og syta for gangavstand til «det meste»

Opplevings- og besøkskommunen

Mål

Me skal:

- Eidfjord skal vera så attraktiv at det kjem fleire besøkjande til Eidfjord. Det skal føra ti større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst.

Natur og aktivitet

Mål:

Me skal

- vera den mest besøkte naturattraksjonen i Noreg
- auka antal arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen
- marknadsføra det særeigne i naturen og ha fokus på aktivitetar som er berekraftige
- ha eit levande og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevelingar for vitjande og innbyggjarar flest

Arbeidskommunen

Mål

Me skal

- vera ein aktiv vertskommune for næringslivet
- syta for at det vert enklare å etablera nye arbeidsplassar
- arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte
- støtta næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling
- arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen
- ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd
- styrka samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet og mellom dei ulike næringslivsaktørane

Føremål i områdeplanen;

- Hamneområde
Omfattar cruisekaien med areal naudsynt for manøvrering.

- Småbåthamn
Avgrensa til 3 område i vest, Menes, småbåthamna i Vik avgrensa av moloen, og lite privat område midt i mellom desse.
- Kaste- og låssettingsplass
Areal avsett til fiskeriføremål, føresegne har avstandskrav for ferdsle.
- Friluftsområde i sjø og vassdrag
Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV) er avsett for å sikre ålmenn ferdsle langs strandsona.
Det er etablert selskap som leiger ut kajakk og kano til turistar. Desse har utgangspunkt i sentrum og nyttar sona. I tillegg er det ferdsel med fritidsbåtar i området og badande i området ved tenderkaien. Det er også ribbåt stasjonert i området for fjordturar.

Område for landing og avgang er delvis i strid med føremålet om ankring.
Kommunen har ingen plan om å endra dette planføremålet. For 2019 er det å langt 13 anløp av cruisebåtar som skal liggja for anker.

For å koma inn til kai for av- og påstigning av passasjerar er planlagt tenderkai i sentrum og Menes dersom tenderkai er oppteken. For tenderkaien er planføremålet skilt mellom hamneområde og friluftsområde på kvar si side. Bruk her vil vera avhengig av kva anna bruk det er av kaien. Friluftsføremål vil nok lett kunna verta sett tilside som aktivitet.

Ved Menes er området regulert til småbåthamn, denne er privat og bruk her vert å avklara mellom dei med rett til småbåthamna og eventuell bruk til av- og påstigning.

I konsjonssøknaden er Menes og Lægreidsvegen 31A nemnt som område for parkering. Det er å forstå som plass fly kan fortøyast når det ikkje er i bruk.

Kaste og låssettingsplass er normalt i bruk seinhaustes og truleg lite i konflikt med sjøflyaktivitet.

Fjorden som landingsplass er ikkje gjort ROS-analyse av i samband med planarbeidet. Denne aktiviteten var ikkje aktuell på tidspunkt planarbeidet har føregått. Innspel som peiker på behov for risikoanalyse bør takast på alvor.

- Forholdet til naturmangfaldlova

Air Traffic Control har i sitt oversendingsbrev gjort ein førebels vurdering. Kommunen har ikkje kjennskap til, eller sett informasjon i naturbasen knytt til området for landing og avgang som vil få avgjerande verknad for naturmangfaldet. Fjorden er på sumartid i bruk av mange ulike brukargrupper, slik at mogleg uroing i det sentrale området er alt tilstades.

I søknaden vert det referert til reinsdyrteljing i Nordfjella og Hardangervidda i forhold til dyrevelferd. Generell minste flyhøgde er 1000 fot (300 m over

nasjonalparken), med denne flyhøgda vil reinsdyr reagera med ein eller anna fluktreaksjon, frå å klumpa seg saman til vill flukt. Den enkelte situasjon kan vera avgjerande. Det er difor vanskeleg på generelt grunnlag å hevda at aktiviteten ikkje har verknad for villreinen.

- Støy

Scandinavian Skies AS vel å søkja konsesjon utan at det er gjennomført støyanalyse. Nær alle innspel har kommentert støy, nokre få meiner støyen ikkje er generande. Selskapet meiner å vera rimeleg godt kjent med omfanget av støy med bakgrunn i aktiviteten i 2017 og 2018. I tillegg har selskapet i detalj skildra teoretisk støynivå. Vidare skriv selskapet at dei ikkje har interessa av overflyging av Vøringsfossen eller hytteområda i området.

Oppleving av støy er subjektiv, kva som opplevast som generande støy frå ein kan vera akseptabel for ein annan. Det er difor avgjerande å få konkrete tal å halda seg til. Forholda i Eidfjord med fjell som reflekterer lyd, gjer at teoretiske støynivå ikkje er godt nok grunnlag. Det opplevast som lite seriøst å søkja konsesjon utan støymåling med bakgrunn i dei signal kommunen har gitt i tidlegare uttaler.

Den høgaste flyaktiviteten er på dei dagane det er fint ver. Dette er og dagar det er mest aktivitet ute i hagar og ulikt friluftsliv. Oppleving av velvere og natur kan verta redusert.

Selskapet skriv at dei ikkje har interessa av overflyging av Vøringsfossen eller hytteområda i området. Ein konsesjon for landing i Eidfjord vil opna for andre flyselskap som kan ha andre målsetjingar, men det er Scandinavian Skies AS som har konsesjonen og kan avgjera dette.

I tillegg er det og eit generelt krav for konsesjon at det som vedlegg til konsesjonssøknaden vert utgreidd landingsplassen sin verknad for miljø, under dette utslepp til vatn, luft og jord. Dette er ikkje følgd opp frå selskapet.

- Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved utkast til konsesjonsvilkår.

Landingsplassen kan bli brukt mellom kl. 0800 og kl. 2200 på kvardagar, og mellom kl. 1000 og kl. 2030 på helge- og heilagdagar. Konsesjonen gjeld eit trafikkomfang på maksimalt 70 flyrørsler per veke.

I tillegg er det regel om varslingsplikt dersom fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen kan ha tyding for allmenne omsyn.

Generelle reglar om flyhøgde er differensiert

Luftfartøy under VFR-flyging skal ikke flyges lavere enn 300 m over den høyeste hindring innen en radius av 600 m fra luftfartøyet over tettbebyggelse eller folkeansamling i friluft eller lavere enn 150 m over bakken eller vannet andre steder. (Forskrift om luftrafikkregler, BSL F 1-1)

I nasjonalparken er minste flyhøgde 300 m.

Det er ukjart kva kategori hytteområde kjem inn i.

Tida fly kan letta og landa vil omfatta heile dagen, både kvardag og helg. Verdien av fred og ro er ikkje nærrare vurdert med omsyn til livskvalitet. I kommuneplanen

er det eit mål at Eidfjord skal vera ein attraktiv stad å bu.
Konsesjonsvilkåra bør vera klarare i forhold til ynskte fysiske eller juridiske
endringar, og korleis ålmenta og kommunen kan påverka dette.
Det overordna vilkåret må vera at det vert sett krav om reell støykartlegging før det
vert vurdert gitt konsesjon.

- Teknisk/operativ godkjenning

Dette saksområdet synest primært å liggja til Luftfartstilsynet og er regelstyrt.

- Næringsutvikling

For kommunen er næringsutvikling eit satsingsområde og som vert lagt vekt på i saksvurderinga.

I søknad om konsesjon skriv selskapet at «konsesjon gir selskapet moglegheit for investeringar i Eidfjord og vil medføra nye arbeidsplassar.» Selskapet utdjuper dette i e-post med «*Det kan bli behov for dochand (bakkemannskap). Selskapet har behov for overnatting for piloter (alternativ er kjøp av leilighet/leilighet, leie, hotell). Investering gjelder i første omgang fly av type turbin amphibiam for flyging mellom flyplass og Eidfjord. Selskapet ser på elektrifisering som kan være egnet for rundflyging. Der er mange muligheter, men investeringer må følge selskapets vekst og økonomi.*

Geir Underhaug
rådmann

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

Rett utskrift: